



Holet for ny dør er skore...

Dei lokale entreprenørar som er engasjert i byggeprosjektet til Nilsen Handel nøler ikkje, i dag har det vore full fart frå fleire vinklar.

Førebuingane til riving av det noverande inngangspartiet eller utbygget i retning mot Gamleskulen har starta og butikken har fått ny, mellombels dør etter at det er skore hol i veggen. .,



---og her kjem døra på plass

For å ta det siste først, ligg den nye døropninga 3-4 meter nærmare kaia enn den noverande og der blir døra verande til utbyggjinga er gjennomført. I overgangen til det noverande inngangspartit skal det settast opp ein ny mellombels vegg før rivinga av inngangspartiet finn stad.

I neste veke kjem utgravingen av byggjegropa i gang for fullt. Det er dei 3 lokale firma Byggpartner Kvinnherad,, Musland Maskin og Uskedalen Trelastlager (leveranse av material) som er hovudpillarane i utbyggjinga.

- Det verka kanskje litt kaotisk i dag, men vi kan lova meir ordna tilhøve for kundane framover, seier Gunn Mari Moberg. Ho siktar då ikkje minst til parkeringa, som også vil kunne skje langsmed bygningen som før.

Eit poeng som kundane har festa seg ved er at dei akkurat no ikkje har nokon kaffekrok - den innskrenkar

seg til ein stol. Men Gunn Mari lovar ei løysing også på det når dei får litt betre oversikt over plasstilhøva samla sett.

SPAR er ein viktig sosial møtestad som det for all del ikkje må kastast vrak på.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Enden av noverande bygning skal rivast